



Helsefelleskap Møre og Romsdal

Møtereferat

Utval	Lokalt samarbeidsutval Volda sjukehusområde
Møtenummer	Møte nr. 1/2022
Dato	Fredag 4/3 - 2022
Tidspunkt	Kl. 1200 – 1545.
Møteleiar	Mona Ryste (nestleiar)
Referent	Sissel Ørstavik Aase
Stad	Ørsta rådhus

Organisasjon	Navn og stilling	Funksjon	Møtt 4/3
Helse Møre og Romsdal	Mona Ryste, Rådgivar Klinik Volda sjukehus	Representant og nestleiar LSU	X
Helse Møre og Romsdal	Palma Hånes Klinikkssjef Klinik Volda sjukehus	Representant	X
Helse Møre og Romsdal	Anita Myklebust Nybø Seksjonsleiar, Klinik for kreft og rehab.	Representant	-
Helse Møre og Romsdal	Kari Standal Seksjonsleiar, Klinik for psykisk helse og rus	Representant	-
Helse Møre og Romsdal	Hallgrim Myklebust Seksjonsleiar DPS	Representant	X
Hareid kommune	Helga Bøe, Kommunalsjef Arne Gotteberg, vararepresentant	Representant	- X
Herøy kommune	Renathe Rossi-Kaldhol, Kommunalsjef Runa Bakke, vararepresentant	Representant og leiar LSU	- X
Sande kommune	Bård Dalen Helse og omsorgssjef	Representant	-
Ulstein kommune	Marit Botnen Kommunalsjef	Representant	X
Vanylven kommune	Cecilie L. Oppedal Kommunalsjef	Representant	-
Volda kommune	Svein Berg-Rusten Kommunalsjef	Representant	-
Ørsta kommune	Kristin Vik Seksjonsleiar helse og velferd	Representant	X
Fastlege/Praksis- konsulentordninga	Håvard Ramsli, fastlege Herøy og Praksiskonsulent (HMR)	Representant	X
Fastlege/Praksis- konsulentordninga vara	Stian Endresen, fastlege Ulstein og Praksiskonsulent (HMR)	Vararepresentant	-
Brukarrepresentant kommune	Eilin Reinaas Norges Handikapforbund (NHF)	Representant	X
Brukarrepresentant HMR	Janne Remøy Endresen SAFO/NFU	Representant	X
Brukarrepresentant kommune vara	Solveig Vatne NRF	Vararepresentant	-
Brukarrepresentant HMR	Jakob Strand, Pensjonistforbundet	Vararepresentant	-
Sekretariat kommunar Søre Sunnmøre	Oddvar Marøy Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre	Sekretariat	X
Sekretariat Helse Møre og Romsdal (HMR)	Sissel Ørstavik Aase Rådgivar seksjon for samhandling i HMR	Sekretariat	X

Andre tilstades:

Bjørn Carsten Buan, Sekretariat i LSU Kristiansund og kommuneoverlege Surnadal (digitalt). Sak 5/22

Sak Nr.	Emne	Saksbehandlar/ansvarlig
1/22	<p>- Velkomen til møte i Lokalt samarbeidsutval Volda sjukehusområde.</p> <p>- Kort presentasjonsrunde</p> <p>- Innkallinga til møte vart godkjent.</p> <p>- Det var ingen saker til eventuelt.</p>	Ved nestleiar i LSU Volda Mona Ryste
2/22	<p>Godkjenning av referat frå møte nr. 2/2021 i LSU Volda sjukehusområde (frå 10/12-21).</p> <p>Referatet vart godkjent.</p> <p>Referata kan lesast på nettsidene til Helsefelleskapet/LSU Volda</p>	Ved nestleiar Mona Ryste
3/22	<p>Retningsliner for LTMV i helsefelleskapet</p> <p>Orientering om nye retningsliner og standardavtalar for pasientar med LTMV (Langtids mekanisk ventilasjon) i forbindelse med utskrivning frå Helse Møre og Romsdal (spesialisthelseteneste) til kommunane.</p> <p>Oppmodinga frå faglig samarbeidsutval for multisjuka (v/ leiar Tanja Thalén) er at LSU støttar dei framlagte retningslinene.</p> <p>LTMV er ei andrelinjeteneste. Det er sjukehuset og lungelege som avgjer når pasienten kan få reise heim eller til institusjon med mekanisk ventilasjon. Må vurderast kva som er trygt og fagleg forsvarleg å få til. Dette er ei godt gjennomarbeida retningslinje med tydlege ansvarsområder mellom sjukehus og kommune.</p> <p>Diskusjonstema:</p> <p>Det tek lang tid å skaffe kompetansen i kommunen, kan også vere utfordring i ivaretaking av både personale, brukar og pårørande. Viktig å ta vare på den opparbeidde kompetansen og gjenbruke. Plassere den på ein slik måte at den kan brukast igjen, god erfaring av plassering i heimebasert teneste td. i Ørsta. Kan man opprette eller ha ein ressursbank for dette, som kommunene kan dra betre nytte av? Lege har reist rundt 1 gong per veke i kommunane på Søre-Sunnmøre + Ålesund med god erfaring. Brukarrepresentant fortel at dette er ein jobb som er krevjande for personale på ulike område. Kommunen avgjer kvar denne hjelpa kan gis for å vere fagleg forsvarleg. Brukarane er med på å sette saman teamet som skal vere rundt pasienten.</p> <p>Vedtak: Lokalt samarbeidsutval for Volda sjukehusområde støtter retningslinene slik dei ligg føre og melder saka vidare til SSU for vedtak.</p>	Ved Oddvar Marøy
4/22	<p>Retningsliner følgjeperson Møre og Romsdal</p> <p>Revisjon av retningsliner for følgjeperson i sjukehus. Orientering ved Oddvar Marøy, som også sit i arbeidsgruppa. Retningslinjene av 2018 har gått gjennom revisjon frå 2020. Resultata frå evalueringa og revidert retningsline er oppe til høyring i LSU og skal opp til behandling i Strategisk samarbeidsutval.</p>	Ved Oddvar Marøy

Oddvar tek oss gjennom ein del endringar, har sett på til dømes kva er ein følgjeperson og kva er ein omsorgsperson, td. i saker vedrørande born. Gode rutiner og einigheit i forhold til varsling og sjølve innlegginga.

Det har vore sett spørsmål rundt det med økonomi og kven som skal bere kostnaden jf. punkt 2 – Omfang i retningslina: *Retningslinja gjeld for alle avdelingar ved helseføretaket og kommunar i Møre og Romsdal, eller instansar/andre som helseføretaket eller kommunen har avtale om kjøp av tenester med. Retningslina gjeld både for døgnopphald og dagbehandling med varigheit over fem timar.*

Dette er eit kompromiss, der helseføretaket ønsker kun å dekke kostnad for døgnopphold, og kommunane meiner også kortare dagbehandling, herunder poliklinisk verksemd på under 5 timar, skal dekkast av helseføretaket. Dette er også tema for diskusjon i LSU Volda. Ansvar for kostnad er avklart gjennom ulike skriv frå helsedirektoratet og seinast presisert i Rundskriv [IS-4/2022 frå Helsedirektoratet](#) om tilskuddsordning for særlig ressurskrevende helse- og omsorgstenester. Retningslinene gjeld alle pasientar uavhengig av nemde rundskriv. Kommunane kan ikkje ta med personalkostnad for ressurskrevjande tenester for pasientar som er innlagt i sjukehus. Kommunane har ikkje brukt å lage refusjonskrav på korte (polikliniske) tenester på 1 – 2 timar, då dette er for omfattande.

Presiseringane i revideringa kan medføre noko høgare kostnad for helseføretaket, og kan føre til strengare vurderingar for når helseføretaket ber om kjent følgjepersonell frå kommunen. Helseføretaket set spørsmål ved byråkratiet rundt dette, og at dette ikkje er til det beste for brukarane/pasientane.

Saka er krevjande, då diskusjon kring økonomien rundt følgjepersonsaka ikkje bidreg til betre samhandling, grunna ulike syn på økonomisk ansvar og administrering av refusjonsordninga. Retningslinene gjeld for Møre og Romsdal, og ikkje for t.d. St. Olavs eller Rikshospitalet.

I LSU er vi er ikkje interessert i finansakrobatikken rundt dette og pengane bør følgje pasienten uansett kvar pasienten er – for å unngå byråkratiet mellom kommune/helseføretak.

Kommunane ynskjer å endre ordlyden i retningslina til det som står i rundskriv IS-4/22.

Vedtak : LSU Volda sluttar seg til retningslinene med unntak av pkt. 2 og 3 om kostnadsansvar for følgjepersonar ved dagbehandling og polikliniske konsultasjonar. Retningslina bør løftast høgare opp for avklaring i nasjonale organ. Ein ønsker i tillegg at retningslina skal takast med i Samarbeidsavtalen når denne skal reviderast.

5/22	<p>Innspel Nasjonal helse- og samhandlingsplan (NHSP)</p> <p>LSU Volda har fortløpande innspelsrunde i møte, der referatet gir innspel på moment som kan takast med vidare. SSU vert redaktør i dette arbeidet med frist til 17. mars for samarbeidsekretariatet ved Bodil Våge eller Eli Otterei, for å sende inn innspela samla frå Helsefelleskap Møre og Romsdal. Ein kan også sende eigne innspel som kommune eller andre, dette vert då sendt som vedlegg. Planen kjem på høyring der LSU har moglegheit til å kome med innspel.</p> <p>Innlegg frå Bjørn C. Buan (digitalt), sekretariat i LSU Kristiansund og kommuneoverlege Surnadal. Buan går gjennom presentasjon (<i>følgjer vedlagd</i>). Ein diskuterer vedrørande mandatet og at LSU ikkje er eit beslutningsorgan. Men jobbar etter konsensusprinsippet, der ein prøver å kome til konsensus eller innspel, som er bra for tenestene og brukarane/pasientane våre i fellesskap.</p> <p>Dei fortløpande kommentarane frå LSU Volda er samla og sortert under dei 6 spørsmåla som Helse- og omsorgsdepartementet ynskjer tilbakemelding på, <i>sjå kommentarar/innspel i eige vedlegg.</i></p>	<p>Innlegg ved Bjørn Carsten Buan.</p> <p>Ved Oddvar Marøy og nestleiar Mona Ryste</p>
6/22	<p>Oppfølging faglege handlingsplanar <i>Denne saka vert utsett, hadde ikkje tid til gjennomgang i dette møte.</i></p> <p>Handlingsplaner for barn og unge, multisjuka og skrøpelige eldre, psykisk helse og rus og akuttmedisinsk kjede vart vedtatt i SSU 26.1.22. Dette er 4 av totalt 12 handlingsplanar som skal utarbeidast i dei faglige samarbeidsutvala. Handlingsplanane skal vere retningsgivande med forslag til mål og tiltak som konkretiserast ytterligare i planperioda og skal godkjennast i SSU.</p> <p>To nye handlingsplanar er utarbeida – for rehabilitering og beredskapsplanar. LSU Volda har fått vidare sendt møteinnkalling (tyrsdag 15. mars). Handlingsplanane sendast til høyring i LSU og <i>utkasta til handlingsplanane er sendt ut medlemar i LSU Volda per 7/3-22 (eigen e-post)</i>. Desse to planane skal godkjennast i SSU 27. april.</p>	<p>Leiar / Oddvar</p> <p>Sissel Ø. Aase</p>
7/22	<p>Korrigerer møteplan LSU hausten 2022</p> <p>Møta i LSU må tilpassast SSU jf. tilbakemeldingar. Oddvar Marøy får tilslutning til å justere møteplan til hausten og vil kome med forslag for nye møtedatoar.</p> <p>Det er ønskeleg at møta i LSU Volda i hovudsak vert fysiske framover, med annankvar gong i ei kommune og ved sjukehuset. Men at ein også legg til rette for at ein kan delta digitalt for dei dette passar best for. Merk at lokala då må ha eigna lyd/mikrofonar og videoustyr (storskjerm/PC).</p>	<p>Ved Oddvar Marøy</p>
8/22	<p>Endring i oppgåver/mandat til utval i helsefelleskap og samarbeidssekretariat Denne saka fekk kort gjennomgang.</p> <p>Det vert vist til tidigare orienteringar om Helsefelleskap og tilhøyrande Samarbeidsavtale. Etter innspel frå ROR er det sett fokus på mandata i dei ulike samarbeidsorgana. Etter vedtak i Partnerskapsmøte og SSU er mandata revidert. Vedlagt er utfyllande presentasjon frå Alf Reistad (LSU Molde). Nettsida</p>	<p>Ved Oddvar Marøy</p>

	Helsefellesskap er oppdater med nyaste mandat.	
9/22	<p>Oppnemning vararepresentantar til SSU</p> <p>Det er valt ein vararepresentant frå kommunane (som vara for Renathe Rossi-Kaldhol ved fråvær i SSU): Kristin Vik.</p> <p>Det er valt ein vararepresentant frå HMR (som vara for Mona Ryste ved fråvær i SSU): Palma Hånes.</p>	Ved nestleiar LSU Mona Ryste
10/22	<p>Kva skjer ved Volda sjukehus og i kommunane? Gjensidig orientering.</p> <p>Palma Hånes går gjennom presentasjon (<i>presentasjon følgjer vedlagd</i>).</p> <p>Vedrørande videokonsultasjon: Mange møter gjerne på lokalsjukehus (Volda) med fysisk oppmøte for prøvetaking ol. og deretter mange som nyttar videokons. (td. med spesialist) ved andre sjukehus. Råbra. Rosar igjen dei tilsette i kommunane jf. svært få utskrivingsklare pasientar som vert liggande. Gjennomgåande er det godt samarbeid og god samhandling jf. utskrivande.</p> <p>Kristin Vik orienterer kort frå kommunane. Har blåst nytt liv i sjustjernenettverket. Ein del krevjande utfordringar, mellom anna med sjukefråvære ol.</p>	Ved klinikksjef ved Volda sjukehus Palma Hånes og leiar i Sjustjerna helse og omsorg Kristin Vik
11/22	<p>Eventuelt</p> <p>Ingen saker til eventuelt.</p> <p>Neste ordinære møte i LSU Volda er fredag 10. juni 2022, på Volda sjukehus/ digitalt.</p> <p>Minner om innspelsmøte til handlingsplanar (Teams) tysdag 15. mars frå 1300 – 1430.</p>	Ved nestleiar LSU Mona Ryste